



JournalpostID: 26/10280
Sakshandsamar: Håkon Welle
Glomset
Dato: 18.08.2026

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
054/26	Formannskapet	27.08.2026
	Kommunestyret	

Endeleg godkjenning av detaljregulering Ålfoten småbåthamn

Vedlegg:

Fråsegn - Til uttale - offentlig ettersyn - Reguleringsplan - Bremanger 15/57 mfl - Ålfoten - småbåthamn - detaljregulering - plan ID 202503

Fråsegn til offentlig ettersyn - detaljreguleringsplan for Ålfoten småbåthamn - Bremanger kommune

Innspel i høve oppstart for detaljregulering for småbåthamn_august 2026

NVE sin uttale - Ingen merknad - Offentlig ettersyn - Detaljreguleringsplan for Ålfoten småbåthamn - Bremanger kommune

Fiskeridirektoratets fråsegn til høyring og offentlig ettersyn av detaljreguleringsplan for Ålfoten småbåthamn i Bremanger kommune

Reguleringsplan småbåthamn Ålfoten

PXL_20260709_103120227

PXL_20260709_103128601

PXL_20260709_102945837

PXL_20260709_102957872.MP

Planomtale småbåthamn Ålfoten

Plankart-A2

NP250177_Ålfoten_Føresegner_revidert 19082026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyre til å gjere fylgjande vedtak:

Detaljreguleringsplan for Ålfoten småbåthamn, planid. 202503 blir godkjent i samsvar med plan- og bygningslova §§ 12-10, 12-11 og 12-12.

Bakgrunn for saka:

SFE har i samarbeid med Ålfoten grendeutval/Liv og lyst arbeidd for å få til ei småbåthamn i Ålfoten. Det var i utgangspunktet vurdert å legge småbåthamna ved Sigdestadneset, i tilknytning til SFE sin eigedom. Planoppstart for Sigdestadneset vart varsla i mars 2025.

Sidan det i innspela til planoppstart vart krav om omfattande arkeologiske registreringar, og at m.a. tilkomst til småbåthamna, natur- og landskapsinngrep vart problematisert frå både fylkeskommunen og Statsforvaltaren, vart planarbeidet stansa av forslagsstillarane. Det vart difor starta planarbeid for detaljregulering av båthamn ved butikken i Ålfoten, då dette synest

mindre konfliktfyllt. Det er utarbeidd framlegg til detaljregulering for båthamn ved butikken, som no har vore ute til offentlig ettersyn, og blir lagt fram for handsaming for endeleg godkjenning.

Formannskapet 27.08.2026:

Handsaming:

FSK- 054/26 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

Formannskapet rår kommunestyre til å gjere fylgjande vedtak:

Detaljreguleringsplan for Ålfoten småbåthamn, planid. 202503 blir godkjent i samsvar med plan- og bygningslova §§ 12-10, 12-11 og 12-12.

Aktuelle lover, forskrifter avtale mm:


Plan- og bygningslova

Naturmangfaldlova

Arealdelen til kommuneplanen for Bremanger 2024-2036

Saksopplysningar:

SFE Produksjon AS har i samråd med Ålfoten grendeutval/Liv og lyst engasjert Nordplan AS til å utarbeide detaljreguleringsplan for småbåthamn ved butikken i Ålfoten. Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for inntil 26 båtplassar, og å ivareta etablerte lokalsenterfunksjonar i området. Planområdet er om lag 20 daa. I arealdelen til kommuneplanen er det aktuelle arealet i hovudsak avsett til føremål småbåthamn, VS25, i sjø, og «anna byggeområde», BAB 170, på land. Planframlegget omfattar også areal med føremål «bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone» (V), LNF-område og BAB 104 (naustområde). For område VS25 er det opna for etablering av inntil ti båtplassar og bygging av skjermingsmolo, og det er krav om detaljregulering.




Utsnitt av KPA - kart/flyfoto



Planområdet omfattar nærbutikken i Ålfoten med bustad i 2.etasje, eit mindre kafebygg og sanitærbygg i tilknytning til butikken, og tilhøyrande parkeringsareal. I tillegg omfattar planområdet bustad og kaiområde nordaust for butikken, og to naust med tilhøyrande båtstø sørvest for butikken.

Båthamna skal etablerast med flytande konstruksjonar forankra i sjø, og med landfeste knytt

til dagens parkeringsplass. Kaiareal nordaust i planområdet skal kunne nyttast til parkering. Det er lagt opp til at parkeringsareal skal vere felles for småbåthamna, butikken og kaféen.



Forslag til ny småbåthamn

Planoppstartsmøte vart halde 17.10.2025. Viktige tema som vart trekt fram i møtet var landskapsverknader og verknader for friluftsliv i strandsona, naturmangfald, omsyn til omgjevnadane, trafikksikkerheit og stabilitet i grunnen. Etter plankonsulent si vurdering utløyser ikkje planarbeidet krav om konsekvensutgreiing, og kommunen støtta denne vurderinga. Planoppstart vart varsla 10.11.2025, med høyringsfrist 15.12.2025. Saka vart lagd ut til høyring og offentleg ettersyn, etter første gongs behandling i Bremanger formannskap den 28.05.2026, med frist for merknadar den 14.08.2026.

Det er kome inn seks merknadar i høyringsperioden.

- Frå statsforvaltaren i Vestland er det kome innspel om at løysingane for småbåtanlegget er gode, og at det er gjort i samspel med allereie etablerte lokalsamfunn-funksjonar utan utfylling i sjø eller andre vesentlege nye natur- og landskapsinngrep.
- Jan Hütter, som eig bustadhuset ved sidan av nærbutikken har kome med merknad om økt støy og aktivitet etter at kafe- og toalettbygg blei bygd søraust for butikken, og ei småbåthamn med tilhøyrande parkering vil auke aktiviteten og støyen rundt huset ytterlegare (båttrafikk og biltrafikk). Molo og vinterhagen vil dermed ikkje lenger bli ein kvileplass for dei. Han har også merknad på dårleg tilstand på kai, og dårleg asfaltdekke på parkeringsområde. Vassforsyning gir ikkje rom eller moglegheit for å auke uttaksmengda eller at fleire koplar seg på.

Merknaden er kommentert av tiltakshavar.

- Styret i Ålfoten småbåthamn v/Bjarte Myklebust har kome med innspel om stiftinga

av foreininga Ålfoten småbåthamn den 15.07.2026, og at det er foreininga som skal vidareføre arbeidet med å få på plass ei småbåthamn i planområdet. Det er 20.stk som har bunde seg til kjøp av bruksrett på båtplass.

- NVE vurderer at fagområda deira er tilstrekkeleg vurdert og tatt omsyn til i plandokumenta, og har ingen merknadar.
- Vestland fylkeskommune er positiv til at kommunen samlar småbåthamna i lokalsenteret i Ålfoten, og at småbåthamna kan vere med å støtte opp under den etablerte møtestaden. Dei påpeikar at det er avvik mellom plankart og føresegn for naustområdet. For kulturminne og kulturmiljø ber dei om at det vert tatt omsyn til SEFRAK-registrerte bygg like i grensa til tiltaksområde, men også eventuelle konstruksjonar som eldre vorrar og landingsplass for båtar i området. I planarbeidet er det vurdert at etableringa av småbåthamn i Ålfoten genererer lite trafikkauke, og har liten verknad for, krysset fv.614 X KV 3605. Fylkeskommunen har difor ingen merknadar til reguleringsplanen.
- Fiskeridirektoratet har kome med ein merknad til sjølve planføresegna, og rår at tiltak i og nær gytefelt bør utførast utanfor 1.januar – 30.april, som er tida torsken gyt og veks opp. Dei rår til å anten endre føresegna slik heile gyteperioden er med, eller å skrive i planskilddinga at ved søknad etter hamne- og farvasslova kan fiskeridirektoratet be vedtaksmyndigheita sette vilkår om forbod mot tiltak i gyteperioden.

Styret for småbåthamna har meldt tilbake på merknadane frå Jan Hütter:

«Parkerings-»

Hovedtyngda av parkeringa vil skje på parkeringsarealet vest for butikken. Det omtalte området ved kaia blir allereie i dag nytta til parkering ved behov. Det er ikkje venta at mange båteigarar vil ha behov for parkeringsplass samstundes. Småbåthamna vil dermed berre i avgrensa grad føre til auka biltrafikk, parkering og aktivitet på området ved kaia.

Auka trafikk, aktivitet og støy.

Området ligg sentralt i bygda og er allereie etablert som eit område for handel, ferdsel og aktivitet. Butikken og tilhøyrande areal er opparbeidd med tanke på mellom anna butikkdrift og båtanløp, og kaia har over lang tid vore – og er framleis – nytta av båtar i næringsssamanheng.

Den planlagde småbåthamna er av avgrensa storleik, og det er ikkje venta at etableringa vil medføre nokon vesentleg auke i biltrafikken i området. Båtrafikken vil naturleg nok auke noko, men sett i eit døgnperspektiv vil talet på båtrørsler vere avgrensa.

Småbåthamna har i tillegg utarbeidd eige reglement som skal sikre omsyn til naboar og nærmiljø. Reglementet inneheld mellom anna føresegner om nattero og avgrensing av støyande aktivitetar.

Det har også vore dialog med Jan og Martina om plasseringa av småbåthamna. På bakgrunn av dialog og synfaring med dei, flytta vi småbåthamna vest om butikkbygget for å skjerme dei som næraste naboar mest mogleg. Dette meiner vi er eit konkret avbøtande tiltak som reduserer ulempene for dei.

Rehabilitering av kai

Det er ikkje sjølve kaia som skal nyttast til parkering, men tilgrensande areal på fast grunn. Eventuelt behov for rehabilitering av kaia har difor ikkje betydning for eller samband med den planlagde parkeringsløyisinga.

Vassforsyning

Småbåthamna skal ikkje koplast til den vassforsyninga det blir vist til i merknaden.

Problemstillingar knytte til denne vassforsyninga er difor ikkje relevante for etableringa av småbåthamna.»

Det er gjort støyvurdering (Norconsult, 06.05.2026), som konkluderer med at småbåthamna ikkje vil medføre formelle støykonfliktar, sjølv om det kan reknast med høyrbar motordur for dei næraste bustadane. Støyen vil vere kortvarig og sporadisk, og ved eventuelle støyplager kan ein vurdere å påleggje minska fart. Ut frå aktuelle båttypar og -bruk er det heller ikkje venta problematisk undervassstøy frå småbåthamna, eller at denne kan utgjere problem for den marine faunaen.

Nordplan har utarbeidd VAO-rammeplan (datert 22.04.2026) der også flaum, stormflo og havnivå er vurdert. Det skal ikkje etablerast vassforsyning eller avlaupsløyising for småbåthamna, og er heller ikkje vurdert å vere behov for etablering av eige overvasssystem.

Nordplan har også utført ei trafikkvurdering. Denne konkluderer med at etablering av båthamna ikkje vil gje vesentleg trafikkauke på den kommunale vegen, og at det ikkje utløyser behov for utbetring av krysset mellom Alfotevegen og Fv. 614. Parkeringsbehovet er vurdert til 5-6 plassar for båthamna, i tillegg til 5 plassar for butikken. Det er skissert 9 oppmerka parkeringsplassar vest for butikken, noko som vil vere tilstrekkeleg for småbåthamna, butikken og den vesle kafeen. Snurareal for større bilar/buss er også ivareteke.



kurve for boggibuss 15m lang, 3-aksla. Henta fra [Trafikkvurdering](#) (Nordplan, 29.04.2026)

På kaiarealet aust for butikken er det tilrådd å etablere parkeringsareal med plass til 10 bilar, som kan brukast av tilsette til butikken, langtidsparkerande brukarar av småbåthamna og

som gjesteparkering til dei 2 bustadane.



Forslag til parkering på austside av butikken.

I høve naturmangfald er det nytta eksisterande kunnskapsgrunnlag. Det er også gjort feltundersøking av sjøbotnen med undervassdrone (SFE), og det er ikkje observert ålegras eller andre viktige marine naturtypar i planområdet. Det er utarbeidd ein eigen ROS-analyse for planområdet, der sjekkliste for å identifisere uønska hendingar (DSB) er gjennomgått. Mulige uønska hendingar som er identifisert er brann i fritidsbåt/tilgang til sløkkevatn og høg vasstand/bølgjepåverknad. Tiltak som er foreslått for å redusere risiko er følgd opp i plankart (faresone stormflo, med krav i føresegn om sikker byggjehøgde eller avbøtande tiltak) og føresegn (krav om tilstrekkeleg brannberedskap).

Framlegg til plankart, føresegner, planomtale, ROS-analyse og innspelsskjema er lagt ved saka. Geofaglege rapportar, støyvurdering, trafikkvurdering, VAO-plan og referat frå planoppstartsmøte kan sjåast i innsynsløysinga på heimesida til kommunen»

Vurdering:

Planframlegget er i hovudsak i samsvar med arealdelen til kommuneplanen for Bremanger. Planlagt lokalisering av båthamna er sentralt i bygda, og er allereie etablert for eit område for handel, ferdsel og aktivitet. Dette støttar statlege føringar om å utnytte areala som allereie er utbygd og som er tilknytt etablert infrastruktur.

Den planlagde småbåthamna er avgrensa i storleik, og det er ikkje venta å medføre vesentleg auke i biltrafikk. Det er positivt at småbåthamna er lagt på vestsida av nærbutikken for å skjermje dei næraste naboane mest mogleg

Strandsona i området er i stor grad prega av tekniske inngrep frå før. Sjølv om småbåthamna vil ha nær- og fjernverknader for landskapet, vil etablering av flytande konstruksjonar medføre små terrenginngrep, og inngrepa vil i stor grad vere reversible dersom det seinare skulle bli aktuelt å fjerne båthamna. Det er lagt opp til at anlegget skal vere ope for allmenta, og tiltaket er såleis vurdert å vere positivt for ferdsel og friluftsliv i strandsona.

Føringar for planarbeid og generelle føresegnar til arealdelen til kommuneplanen er oppfylte for dei nye tiltaka som planen opnar for. Føresegnene set krav om utgreiing om marint biologisk mangfald før det kan etablerast søknadspliktige tiltak i og ved sjø, som m.a. bergsprenging, bergboring og utfylling. Kartlegging og feltundersøking av sjøbotn med undervassdrone har ikkje avdekka ålegras eller andre viktige naturtypar, og er vurdert til å vere tilstrekkeleg.

Eksisterande tiltak er teke med i planen for å sjå arealbruken i området i samanheng. For etablerte tiltak, som kommunal veg og bygningar, er det ut frå dagens situasjon og terrengmessige forhold uråd å oppfylle nye standardar og normer, og beste tilpassing er lagt til grunn. Dette gjeld m.a. byggegrense til veg og sjø for etablerte bygningar. I planoppstartsmøte trekte kommunen fram trafikkfare, spesielt for mjuke trafikantar, som eit viktig tema å utgreie. Kombinasjonen nærleik til kommunal veg, parkeringsplass, mjuke trafikantar (spesielt born) gjer det viktig å sikre tilfredsstillande trafikktryggleik, sjølv om planlagt tiltak ikkje vil generere vesentleg trafikkauke. Det er i dag 40 km/t sone på den kommunale vegen forbi nærbutikken, og det er fartshumpar før og etter butikken. Oppmerking av parkeringsplassane vil gjere trafikksituasjonen meir oversiktleg, og betre tilhøva for mjuke trafikantar. Ut frå tilgjengeleg areal og terrengmessige tilhøve er det vanskeleg å etablere fortau langs den kommunale vegen eller etablere anna skilje mellom køyretøy og mjuke trafikantar.

Innspela til planoppstart og innspela i høyringsperioden er i stor grad teke omsyn til i planframlegget. Avvik mellom plankart og føresegn, som fylkeskommunen påpeika, er retta i føresegna. Merknad om støy og auka trafikk kan opplevast belastande og uønskt for naboene til småbåthamna, men planområde er allereie ein etablert handelsstad for lokale og tilreisande. Handel, ferdsel og andre aktivitetar er forventa i eit slikt sentralt område. Merknad frå Fiskeridirektoratet om at det bør sikrast at tiltak i og nær gyteløvet skjer utanfor heile gyteløvet er imøtekome ved endring i føresegn.

Ein vurderer at relevante tema er tilstrekkeleg utgreidd gjennom planomtalen og tilhøyrande rapportar, og tilrår at planen kan godkjennast med endring av føresegn som foreslått.

Økonomiske konsekvensar av framlegg til vedtak:

Kommunen sine kostnader knytt til sakshandsaming skal dekkjast gjennom gebyr, jf. vedteke gebyrregulativ for private reguleringsplanar.